

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.12.2014

Det var 56 representantar til stades.

Jostein Ljones sette på vegner av Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Ved utbetring/opprusting av Jondal ferjekai må det planleggjast og byggjast sørvisbygg i tilslutnad til kaien."

Tom Skauge sette på vegner av SV, A og Sp fram slikt forslag:

"Nye punkt:

2) Bergensprogrammet:

a) Fylkestinget ber fylkesordføraren kontakte statlege myndigheter med sikte på å sikre 70 % statleg finansiering av vidare utbygging av Bybanen, og at staten overtar overtar minst 50 % av gjelda på utbygginga som er ferdig og under arbeid.

3) Fylkesvegane utanom Bergen:

a) Fylkestinget ynskjer sak som viser måloppnåing av vedtaket i planen s. 17 om at det skal etablerast samanhengande gang- og sykkelvegnett i byar og tettstader over 5000 innbyggjarar.
b) Der målet ikkje er nådd, vert det lagt fram tiltaksplan i eigen fylkesvegplan for gang og sykkel."

Røysting

Ljones sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Skauge sitt forslag fekk 23 røyster (SV, A, Sp, MDG) og fall.

Vedtak

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og Bergensprogrammet.